

Referat frå styremøte i Alver kulturråd

8. juni 2022 klokka 16.50, Hagelia Matstove - Dampen

Innkalling og sakliste ved leiaren.

Frammøtte: Ivar Hopland (leiar), Laura Camilla Størseth, Mette Mariel Træland, Anne Kolstad Morken, Kjersti M. Wiik, Raymon Solli (deler av møtet)

Forfall: Jegvan Kårbø, Johan Myking.

Gjestar: Øyvind Oddekalv (deler av møtet), Eileen Feste
Per Ole Ekker og Arild Hagenes frå det gamle styret.

Sak 20-2022 Godkjenning av innkalling, sakliste til dette møtet og referat frå siste møte

Innkallinga, saklista og referatet frå det siste styremøtet vart godkjende utan merknader.

Sak 21-2022 Årshjul / møteplan for Alver kulturråd

Leiar gjennomgikk forslag til årshjul / møteplan for Alver Kulturråd.
Stad for møta vekslar mellom dei ulike frivilligsentralane.

Sak 22-2022 Samarbeidsavtale mellom Alver Kommune og Alver Kulturråd

Leiar gjennomgikk samarbeidsavtalen.
Det årlege møtet mellom kulturrådet og Alver kommunen vert planlagt til etter sommaren.

Sak 23-2022 Kulturkonferanse

Kulturkonferanse for medlemslag planleggjast til september/tidleg haust

Viktige punkt på konferansen vil vera:

- Arealfesting av tomt til kulturhus
- Lokaler til medlemslag. Mange mangler lokaler til lagring og utstilling

Arbeidsgruppe for kulturkonferanse vart bestemt
Arbeidsgruppa består av Ivar, Mette og Johan

Biblioteket vart foreslått som lokale.

Sak 24-2022 Ny Styreweb

Kulturrådet har til no nytta frivilligsentralen sin nettside for publisering og informasjon, men ønskjer no eigen nettside og eigne løysningar som ikkje er knytt til frivilligsentralen.

Leiar presenterte forslag til aktuell løysning - «styreweb»
Kostnad på ca kr 3000,- pr år
Mogelegheit for å leggja til ekstra om det skulle bli behov.

Vedtak: Kulturrådet etablerer ny nettside med dei framlagde løysningar

Arbeidsgruppe for ny heimeside vart bestemd.
Arbeidsgruppa består av Ivar, Mette og Raymond.

Sak 25-2022 Fordeling av utlån/utleige av kommunale bygg

Kulturrådet har fått tilsendt liste over fordeling av utlån/utleige av kommunale bygg til orientering

Sak 26-2022 Planarbeid involvering i styringsgrupper m.m

Utsetjast til neste styremøte

Sak 27-2022 Open ramme/ymse

Innkommen brev frå Alversund mållag med ønskje om at Kulturrådet skal ta initiativ til eit møte med Thon Gruppa som driftar Knarvik Senter.

I ein avisartikkel i Nordhordland 28. april presenterer eigarar og representantar for drifta korleis dei skal ruste opp Knarvik senter til å bli eit Amfi-senter. «Amfi sine senter skal vere hjarta i lokalsamfunna» og det skal vere eit senter for «kultur og handel.»

Korleis kan ein få ein meir høveleg kulturscene i senteret og tilrettelegging av opne kulturarrangement

Styret formidlar brevet til senterleiinga i Knarvik Senter

Kulturrådet vil invitera Alversund mållag, senterleiar i Knarvik Senter og evt. representantar frå næringslivet til eit møte etter sommaren.

Møtet slutt om lag kl. 19.15.

Referent: Laura Camilla Størseth

11.6.22

